

## Referat frå årsmøte 2009

Tilstade: 29 personar pluss styret.

### **1. Velkommen v/ lagets leiar Kenneth Svoren.**

### **2. Val av møteleiar og referent**

Paul Sundnes vart vald til møteleiar og underteikna til referent.

Møteleiaren hadde ein merknad til saklista, sak 5, Silda Velforeining sitt forhold til Silda Grendahus. Han foreslo at denne saka skulle strykast frå saklista. Men etter ein kort diskusjon om sak 5 skulle vere ei sak på årsmøtet kom det forslag om at den skulle stå som oppsett. Saklista vart vedtatt, med to nye innkomne saker på årsmøtet, ei under sak 8 og ei under sak 9.

### **3. Styret si årsmelding**

Gjennomgang av styret si årsmelding 2008 v/leiar Kenneth Svoren.

Det var full tilslutning til styret si årsmelding. Velforeininga tel no 82 medlemmar.

### **4. Reknskap for 2008**

Gjennomgang av reknskapet for 2008 v/Liv Wik Silden. (sjå vedlegg)

Årsmøtet godkjende reknskapet.

### **5. Silda Velforeining sitt forhold til Silda Grendahus**

Orientering og status for Silda Grendahus v/ leiar Hans Fure.

Alle papir for overtaking og godkjenning er no i orden. Det formelle namnet på skulen er Silda Grendahus.

Det er oppretta eit styre for grendahuset bestående av:

Hans Fure, leiar

Morten Silden, kasserar

Inger Rutledal, styremedlem

Helge Myhre, styremedlem

Hermann Silden, styremedlem

Kenneth Silden, varamedlem

Kåre Silden, varamedlem

Grendahuset kan leigast ut og brukast til forskjellige formål som lag og organisasjonar, fastbuande og hyttefolk. Styret vil setje opp takstar for utleige av grendahuset.

Grendahuset er forsikra for kr. 3mill.,-

Silda Vel er opphøyrte og midlane derifrå er gått inn i Silda Grendahus.

Silda Gjestebrygge vil fortsetje å leige vaskemaskin, dusj og toalett i grendahuset. Her vert det montert betalingsautomat.

Det var einigheit på årsmøtet om at:

Silda Velforeining og Silda Grendahus er to forskjellige organisasjonar.

Styret i Silda Grendahus ønskjer støtte-medlemmar, men det ligg ingen forpliktelse i å vere medlem.

Dugnad er frivillig. Kontingenten pr.år er kr.100,- pr.person og kr.200,- pr.familie.

Helge Silden kom med med to framlegg:

1. Silda Velforeining oppmodar medlemmane å støtte opp om Silda Grendahus. Forslaget vart samrøystes vedteke.

2. Silda Velforeining gir ei startstøtte til Silda Grendahus med kr. 5000,- i 2009.

Anette Wik Silden kom med eit framlegg om at:

Silda Grendahus kan søke Silda Velforeining om økonomisk støtte. Forslaget vart samrøystes vedteke.

## **6. Evt. budsjett for 2009, samt fastsetjing av medlemskontingent.**

Det føreligg ikkje budsjett, men årsmøtet gir styret løyve til å setje opp forslag til budsjett og til bruk av midlane til medlemne sitt beste.

### Fastsetjing av kontingent.

Vedtak: Medlemskontingenten skal fortsatt vere kr.300,-

Det vart diskusjon om kva medlemskontingenten skal brukast til, om det berre er til båtruter. I vedtektene for Silda Velforeining (vedtatt på årsmøte 19.04.2003) som vart lest opp av leiar står det: §1. Formålparagraf.

Silda Velforeining skal:

- a) Vere ein interesseorganisasjon for fastbuande og ferierande p' øya og fremje deira sak overfor kommune og offentlege instansar.
- b) Støtte tilstelningar og tiltak som fremjer trivsel og kvalitet på øya.
- c) Bidra til at fellesareal på øya blir tatt vare på til beste for fellesskapet.
- d) Samle inn, oppbevare og presentere historisk og kulturelt materiell knytta til øya.
- e) Formidle nyheiter og anna informasjon av allmenn interesse.

Det vart og diskusjon om årsmøtet skulle vedta ein viss prosent av medlemskontingenten som skulle brukast til båtruter og ein viss prosent til andre føremål. Men dette fekk ikkje fleirtal

## **7. Val.**

a) Styremedarar:

Valkomiteen v/ Helge Silden kom med framlegg om gjenval på Liv Wik Silden og nytt styremedlem Monica Christensen (for Einar Rune Sætren som har sagt frå seg attval). Framlegget vart samrøystes vedtatt.

b) Varamedarar:

Begge varamedarane, Eva Silden og Hermann Silden sto på val. Valkomiteen v/ Helge Silden kom med framlegg på to nye varamedarar:

Sindre Langlo og Stig Oksholen. Funksjonstid 1 år. Framlegget vart samrøystes vedtatt.

c) Revisjonskomite som består av 2 representantar.

Helge Silden og Helen Larsen står på val.

Valkomiteen v/Helge Silden kom med framlegg på Eva Silden og Helene Larsen. Framlegget vart samrøystes vedtatt.

d) Valkomiteen består av 2 representantar.

Kåre Silden og Helge Silden står på val. Det kom framlegg på årsmøtet om gjenval. Funksjonstid 1 år. Framlegget vart samrøystes vedtatt.

## **8. Behandle innkomne saker.**

Merethe Wik Silden leverte skrifteg ei sak til årsmøtet. Søknad til Kystverket om å få setje opp "Køyr sakte skilt" på begge hamnenen, søre og nordre hamn.

I samband med denne saka kom Kåre Silden med framlegg om å søke Kystverket om å få setje opp

stake v/flu på Smørskjeret. Styret vart oppmoda av årsmøtet om å jobbe vidare med denne saka.

## **9. Eventuelt.**

### Orientering v/ Kåre Silden om ruter med Øyglimt til – frå Silda.

Antal ruter går som no fram til 1.oktober 2009. Det blir to midtruter, men det kan bli endring av dagar (evt. mandag og fredag) frå 1.mai. Men dette er usikkert pr. i dag.

Rutene til – frå Silda blir som dei er i dag i 2 og eit halvt år til. Øyglimt har skreve intensjonsavtale med Fjord om å gå rutene, men det er usikkert om det Øyglimt som får oppdraget.

Frå 1.mai 2009 er det og usikkert om Øyglimt får ambulanseoppdrag. Der er Helse Førde som avgjer dette.

### Fredagsrutene og evt. handleruter i vår og sommar

Styret får fullmakt til å setje opp ruteforslag for vår/sommar/haust 2009. Rutetidene vert lagt ut på heimesida til Silda Velforeining når styret har gjort vedtak om desse. **Nettadr:** [www.silda.com](http://www.silda.com)

### Grasklipping og grasklippar

Styret oppmodar medlemmane til å bruke innkjøpt grasklippar til å slå vegkantar og gras på fellesområde. Grasklippar skal stå i skuret på kaia. Det skal setjast opp oppslag om et tlf.nr dersom grasklipparen er tom for bensin.

### Dugnad

Årsmøtet vedtok å arrangere dugnad på fellesområde **laurdag 30.mai kl.1100 – 1400**.  
Evt. avslutte med noko sosialt etterpå (t.d.vafler/grilling)

### Felles leige av fliskutter.

Silda Velforeining vil ordne med å få ein fliskutter til Silda to veker i sommar. Kenneth Svoren sjekkar når det er muleg å leige den, dette vert annonsert på heimesida. Velforeininga forskutterer kostnaden for frakt og leige. Fliskuttaren kan leigast privat til ca. kr. 175,-pr. time + ev. andel av frakta.

### Utpæreaksjon

Helge Silden kom med oppfordring til alle husstandar på Silda om å la utelysa stå på, slik at det vert trivelegare å komme dit i den mørkaste årstida. Han haddde rekna ut at ein bruker 40kwt. pr.år ved bruk av sparepære.

### Grasrotmidlar

Vigdis Gjelsvik kom med oppmoding til styret i Silda Velforeining til å søke desse midlane. Oppmodinga vart støtta av årsmøtet.

### Heimeside.

Årsmøtet gir løyve til styret å kjøpe heimesidemal. Midlertidig side vert køyrt til sommaren 2009. Men det må byggast opp ny side frå hausten. Årsmøtet gir løyve til Einar Rune Sætren om å finne og utarbeide den beste løysinga. I tillegg til Einar Rune sa Paul Sundnes seg og villig til å hjelpe til med sidene, legge ut nyheiter og bygge opp billedarkiv.

### Planting av blomster.

Planting av blomster på fellesområde som Silda Vel har stått for, vert no tatt over av Silda Velforeining.

Referent

Sissel Brunsvik